

Vann Norges-cup i klatring.

25.10.2014



Sunniva Eik Haave, i midten, fotografert etter ein siger i Norges-cupen(buldring) i fjoårssesongen.

**Sunniva Eik Haave, 17 år, som bur i Oslo, men ættar frå Uskedalen, vann i dag ein suveren siger under eit Norges-cup stemne i klatring i Klatrehallen i Orkanger, ca. 5 mil sør for Trondheim. Ho deltok i klassen eldre junior, og i dag vart det konkurrert i disiplinen klatring med tau.**

Sunniva er dotter til Sissel Eik som vokser opp på Kjærland, og såleis er ho dotterdotter til Liv og Audun Eik. Ho klatrar for Oslo Klatreklubb, og ho har dei siste åra hevda seg heilt i Norgestoppen. I dag var ho suveren i begge kvalifiseringsrundane og leia klart etter dei. Ho vann også finalen med klar margin til nr.2 som var Jorunn Rennan frå Gjøvik klatreklubb. Arrangørar av stemnet var Orkla klatreklubb/Klatrehallen.

Sunniva var svært godt førebudd til dagens konkurranse. Haustferieveka vart nemleg brukt til treningsleir i Frankrike.

I dag vart det konkurrert i klatring med tau, men Sunniva har også toppresultat å visa til i den andre klatredisiplinen, buldring.

Finaleresultata frå dagens Norges-cup finn de på denne lenkja: [https://docs.google.com/spreadsheets/d/1hNZg-7mRfAK\\_czpMBhGa-k3JWNE1oTIQ5A2-SixmP3o/pubhtml?gid=2070875096&single=true](https://docs.google.com/spreadsheets/d/1hNZg-7mRfAK_czpMBhGa-k3JWNE1oTIQ5A2-SixmP3o/pubhtml?gid=2070875096&single=true)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.